


# Rapporter og meldinger

Nr. 8/84

LØNSEMDUNDERSØKINGAR FOR  
FISKEOPPDRETTSANLEGG 1982

# FISKERIDIREKTORATET



L Ø N S E M D U N D E R S Ø K I N G A R

F O R

F I S K E O P P D R E T T S A N L E G G

1982

F O R O R D  
\*\*\*\*\*

I denne meldinga presenterer Fiskeridirektoratet resultat frå si eiga lønsemdundersøking for fiskeoppdrettsanlegg 1982. Dette er første året det vert halde ei slik lønsemdundersøking.

Meldinga er utarbeidd av førstesekretær Sunneve Kalstad. Førstesekretær Erlend Gjøen har stått for arbeidet med opplegg og gjennomføring av lønsemdundersøkinga for 1982.

Bergen, 14.6.1984

Hallstein Rasmussen

Gunnar Nybø

I N N H O L D  
\*\*\*\*\*

	Side
1. Innleiing	1
2. Resultat	2
2.1. Resultat på landsbasis	3
2.2. Geografiske forskjellar	5
3. Definisjonar	8
4. Tabellar:	
Tabell 1: Driftsresultat for oppdrettsanlegg Landet totalt	18
Tabell 2 og 3: Driftsresultat for oppdrettsanlegg Regionsvis fordeling	19
Tabell 4: Lønsevne pr. årsverk for kvart enkelt anlegg i utvalet. Landet totalt	21
5. Vedlegg	22

1. INNLEIING.

Våren 1982 vart det i Fiskeridirektoratet avgjort å setje i gong egne lønsemdundersøkingar for fiskeoppdrettsanlegg. Heimel for innhenting av dei nødvendige grunnlagsdata frå eigarane av oppdrettsanlegga er gitt i lov av 10.mai 1981 om byggjing m.v. av anlegg for klekking av rogn og for oppdrett av fisk og skalldyr, § 14 og i kgl. res av 10.januar 1975.

Den daglege gjennomføringa av undersøkinga vart overleten Kontoret for driftsøkonomiske undersøkingar, som sidan opprettinga av kontoret i 1976 har stått for innsamling og revisjon av data for den statistikk for fiskeoppdrett som Statistisk Sentralbyrå gir ut årleg. Ikkje liten del av det datamaterialet som vert brukt i lønsemdundersøkinga vert henta inn gjennom denne oppdrettsstatistikken.

Eit forslag til opplegg for gjennomføring og innhenting av data for lønsemdundersøkinga låg føre i form av eit notat 5.11.1982. Opplegget vart diskutert med Norske Fiskeoppdretteres Forening/Fiskeoppdretternes Salgslag januar/februar 1983, med oppdrettskonsulentane i dei fleste fylka, og med enkelte oppdrettarar i Hordaland. I slutten av februar 1983 vart rekneskapsskjema, rettleiing og eit følgjebrev sendt ut til dei aktuelle oppdrettsanlegga (120 i alt). Innsamlinga av data vart endeleg avslutta i november 1983. Ein hadde då fått rekneskap frå eller vore i kontakt med samtlege aktuelle anlegg. Rekneskap frå 106 anlegg går inn i undersøkinga. 14 anlegg fall av ulike årsaker bort. Den største årsaka for fråfall var at anlegga vart drivne i kombinasjon med anna verksemd, og at det difor var vanskar med å få skilt ut rekneskapstal som berre galdt oppdrettsanlegga. Nokre anlegg fall og vekk p.g.a. mangelfulle rekneskap, uten at det lykkast å få inn dei nødvendige tilleggsopplysningane. 3 anlegg var det uråd å få innsendt rekneskap frå.

Lønsemdundersøkinga er ei utvalsundersøking som femner om 106 av i alt 304 anlegg av alle storleikar som ein på førehand kjende til dreiv matfiskproduksjon i 1982. Anlegg med kapasitet under  $500 \text{ m}^3$  vert halde utanfor. For kombinerte settefisk/matfiskanlegg har ein prøvt å halde inntekter og kostnader knytta til settefiskproduksjonen utanfor. Lønsemdundersøkinga er såleis konsentrert om oppdrett av matfisk. Utvalet vart trekt tilfeldig innan 23 definerte strata (grupper) (5-6 storleiksgrupper innan kvar av i alt 4 geografiske regionar). For eit par av stratane var alle anlegg med, slik at trekking ikkje vart føreteke. Ved presentasjon av tala i dette notatet er nokre av gruppene slegne saman, slik at det vert presentert resultat for i alt 17 grupper av anlegg.

Resultata er presentert i tabell 1-4. I kap. 2 er resultata nærmare omtalte og vurderte.

Dei ulike lønsemdmål og andre storleikar som er brukte i lønsemdundersøkinga er definerte og forklarte i kap. 3. I tillegg til det mest sentrale lønsemdmål som vert brukt i Budsjettnemnda sin lønsemdundersøking for fiskefartøy, lønsevne, vert det og brukt ei rekkje andre lønsemdsmål, som total rentabilitet, dekningsbidrag, produksjon pr.  $\text{m}^3$  o.a. som ikkje vert brukte i Budsjettnemnda. På den andre sida er ikke arbeidsgodtgjersle sett opp som eigen post i lønsemdundersøkinga for fiskeoppdrett. Dette har samanheng med den karakter av familieverksemd, der arbeidskrafta består av familiemedlemar, som kjenneteiknar svært mange oppdrettsanlegg. Dette vanskeliggjer skilje mellom kapitalinntekt og arbeidsinntekt.

Skjema med følgjebrev og rettleiing er teke med som vedlegg til dette notatet.

## 2. RESULTAT.

Resultata er presentert i fire tabellar. Den første tabellen delar inn anlegga etter storleik mens den andre gir lønsemdtal fordelt på regionar. Den tredje tabellen har inndeling etter storleik, men og regionsvis oppdeling. Med storleik meiner ein her den faktiske kapasiteten til anlegget rekna i  $\text{m}^3$ .

Den siste tabellen syner spreinga av storleiken på lønsevne pr. årsverk mellom dei enkelte anlegga etter storleik.

## 2.1 Resultat på landsbasis.

Av tabell 1 ser ein at gjennomsnittleg lønsevne pr. årsverk basert på heile utvalet av oppdrettsanlegg var kr.206.955 i 1982. Samanliknar ein dette med lønsevna i resten av fiskerinæringa vert konklusjonen at lønsemda i oppdrettsnæringa gjennomgåande er svært god. Driftsundersøkingar for fiskeindustrien vert utført av fleire (FTFI, PROFO), men lønsevna går ikkje inn i resultatongrepa. Av andre resultatongrep framgår det likevel at lønsemda neppe er tilnærma like god i fiskeindustrien som i oppdrettsnæringa. For heilårsdrivne fiskefartøy over 13 m.l.l. har Budsjettnemnda rekna ut gjennomsnittleg lønsevne pr. årsverk til kr.97.341 i 1982, mens tilsvarende tal for fartøy 8-13 m.l.l. var kr.52.567. Sjølv om verken lønsevne eller årsverk er heilt likt definerte i dei ulike lønsemdundersøkingane er skilnadane i lønsevna klar.

Vel 200.000 kr i lønsevne pr. årsverk indikerar ei svært god lønsemnd. Men det må føyast til at det er til dels store variasjonar frå anlegg til anlegg. 9 av dei 106 anlegga som går inn i lønsemdundersøkinga hadde såleis negativ lønsevne. Men over 70 % av anlegga hadde over 100.000 kr i lønsevne pr. årsverk og nesten halvdelen hadde over 200.000 kr i lønsevne pr. årsverk. Med eit såpass stort utval som ein har trekt ut etter teoretiske rette metodar er det ikkje tvil om at majoriteten av anlegga har ei god lønsemnd.

Vi vil så med utgangspunkt i tabell 1 gå over til ei nærmare vurdering av lønsemdresultata for oppdrettsnæringa.

Dei fleste relative tal aukar jamt med aukande produksjonsvolum opp til gruppa med dei største anlegga. Gruppene med storleik frå 5000 - 7000 m<sup>3</sup> og 7000 - 15 000 m<sup>3</sup> har begge lønsevne pr. årsverk som ligg over landsgjennomsnittet. Alle dei andre tre gruppene ligg under. Noko uventa er det gruppa på 15 000 m<sup>3</sup> og oppover, som har den lågaste lønsevna pr. årsverk. Sjølvom eit av anlegga i utvalet har negativ lønsevne dreg det ikkje så mykje ned at det skulle få stor innverknad på resultatet. Likeeins har utvalet i

gruppa ei deltaking på 75%, så resultatet skulle vere representativt. Likevel er det andre faktorar som har større innverknad på lønsevna enn storleiken på anlegga. Det viser ein regresjonsanalyse som har vorte utført.

Endringane i forrådet i dei største anlegga er små i forhold til produksjonsinntekta. Dette kjem av at desse er veletablerte anlegg. Mindre anlegg med større endringar i forrådet driv gjerne på med oppbygging av anlegget sitt.

Det er eit stort sprang i gjennomsnittleg antal utførte årsverk mellom gruppa på 15.000 m<sup>3</sup> og oppover og gruppa med storleik 5000 - 7000 m<sup>3</sup>. Likeeins er det stort sprang i oppdrettsvolumet mellom dei same gruppene. Likevel er ikkje differansen i produksjonen tilsvarande stor mellom desse to gruppene, sidan den største gruppa har mykje dårlegare utnytting av oppdrettsvolumet (produksjon pr. m<sup>3</sup>). Dette fører kanskje til at dei største anlegga får ein relativt dårlegare utnytting av fóret ved at ein større del av det sekk på botnen. Likeeins har dei største anlegga større svinn enn dei nest største anlegga, men mindre svinn enn dei tre minste gruppene.

Ein annan av grunnane til den relativt dårlegare lønsevna pr. årsverk kan vere at dei største anlegga har ein større part av leigd hjelp enn dei mindre. Det vert gjerne tilsett fast arbeidskraft, som det kan verte vanskeleg å gjere seg 100 % nytte av heile året. Hjø mindre anlegg trer gjerne familie-medlemmene støttande til når det trengs.

Likeeins har dei største anlegga ein større part av aure enn laks i forhold til dei mindre anlegga. Og det viser seg at anlegg som driv berre med laks har betre gjennomsnittleg lønsevne pr. årsverk enn anlegg som driv berre med aure.

Selskapsforma synast å ha innverknad på lønsevna. Personlege selskap har gjennomsnittleg større lønsevne enn aksjeselskap. Og det viser seg at anlegga på 15 000 m<sup>3</sup> og oppover har større part av aksjeselskap enn anlegga på 7000 - 15 0000 m<sup>3</sup>.



Alle desse momenta som har vorte nemnde her kan svekke dekningsbidraget og forklare kvifor ulemper og meirkostnader ved dei største anlegga synast å overstige føremonene ved stordrift. Det svekka dekningsbidraget fører til svakare dekningsgrad, totalrentabilitet og rentedekningsgrad. At rentedekningsgraden likevel er såpass god er ikkje overraskande, for gruppa har stor eigenkapital-prosent, forholdsvis små rentekostnader og sers god likviditetsgrad.

Gruppa på 7000 - 15 000 m<sup>3</sup> har forholdsvis små faste driftskostnader og variable kostnader i forhold til produksjonsinntekta. Dette gir seg utslag i den til dels store lønsevna som denne gruppa har. Den utnyttar betre den totale investerte kapitalen i anlegget. Rentabiliteten for gruppa er sers høg (over 25 %).

Innverknaden av eigaren sin eigen arbeidsinnsats i anlegga kjem godt fram ved å samanlikne Totalrentabilitet I og II. Det er ikkje uventa ein klar samanheng mellom storleiken på anlegga og innverknaden av eigen arbeidsinnsats.

Gruppa frå 3000 - 5000 m<sup>3</sup> og gruppa frå 5000 - 7000 m<sup>3</sup> har noko høge rentekostnader i forhold til produksjonsinntekta. Dette har samanheng med at gruppene har svært dårleg likviditetsgrad, dvs. at anlegga har lite kortsiktige likvidiar i forhold til kortsiktig gjeld. I tillegg har gruppa på 3000 - 5000 m<sup>3</sup> låg eigenkapitalprosent som fører til stor gjeldsgrad. Desse anlegga er kapitalintensive, og er truleg meir automatiserte enn gruppa på 0 - 3000 m<sup>3</sup>, som har mindre kapitalkostnader. Det kan tyde på at det for ein del av desse anlegga har vorte investert litt over evne.

## 2.2 Geografiske forskjellar.

Sogn og Fjordane/Hordaland-regionen har den største gjennomsnittlege lønsevna pr. årsverk når ein ser alle storleikgruppene under eitt. Stort sett peikar ingen av anlegga i utvalet seg særleg ut verken i positiv eller negativ retning. Regionen har og god deltaking så resultatet skulle vere representativt.

Dei gode resultatane kjem m.a. av at gruppene i regionen har få utførte årsverk i forhold til storleiken på anlegga. Med andre ord kan det tyde på at dei nyttar ut meir effektivt den arbeidskrafta dei har.

Regionen Rogaland og Skagerrakkysten har den dårlegaste lønsevna pr. årsverk. Dette endå denne regionen har eit anlegg som har sers høg lønsevne pr. årsverk. Denne regionen har nok òg nokre anlegg med negativ lønsevne pr. årsverk, men jamt over ligg lønsevnene pr. årsverk lågare her enn i dei andre regionane. Og gjennomsnittleg storleik på anlegga er lågare enn i dei andre regionane.

Anlegga i Rogaland og på Skagerrakkysten har i gjennomsnitt liten endring i forrådet i alle grupper i forhold til dei andre regionane. Dette kan komme av at anlegga i utvalet er veletablerte, og har omtrent fullt utbygd konsesjonsvolum. Noko som òg nytta konsesjonsvolum tyder på, då enkelte anlegg driv med større oppdrettsvolum enn dei har konsesjon for og dreg gjennomsnittleg oppdrettsvolum opp. I denne regionen vart det ikkje delt ut konsesjonar ved konsesjonsrunden i 1980. Dette trekkjer gjennomsnittsalderen opp i høve til dei andre regionane. Svinnet i denne regionen er òg noko større enn i dei andre regionane. Truleg er det dei høge sjøtemperaturane som denne landsdelen kan få om sommaren som er årsak til dette, då høge sjøtemperaturar fører til lite surstoff i vatnet.

Grappa på 0-3000 m<sup>3</sup> i Rogaland/Skagerrakkyst-regionen har sers lita produksjonsinntekt i forhold til dei andre gruppene med same storleik. Mestdelen av inntekta går med til å dekke variable kostnader og faste driftskostnader så lønsevna vert sers låg. Dekningsgraden, totalrentabiliteten og rentedekningsgraden er negativ. Eit anlegg driv på ulønnsom basis og dreg difor gjennomsnittet ned. Dette er nok mykje skuld i den negative dekningsgraden. Det er få antal årsverk utførte, og grappa har stor eigenkapitalprosent og små anleggsinvesteringar pr. kg. fisk produsert og pr. årsverk. Alt dette kan tyde på at anlegga i grappa i ein del tilfeller er anlegg som vert drivne attåt anna næringsverksemd.

Gruppa på 5000 m<sup>3</sup> og oppover i Rogaland/Skagerrakkyst-regionen har den absolutt største lønsevna pr. årsverk. Dette kjem av at eit anlegg i utvalet er sers lønsomt og dreg difor gjennomsnittstalet opp.

Også gruppene i regionen Nord- og Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal har i gjennomsnitt ei relativ dårleg lønsevne pr. årsverk. Spesielt gruppa på 3000 - 5000 m<sup>3</sup>. Den har liten produksjon pr. kubikkmeter, liten total rentabilitet, store faste driftskostnader og variable kostnader i forhold til produksjonsinntekta. Jamfør analysen av landet totalt der det er forklart kva grunnar som kan føre til desse svake punkta.

Gruppa på 0 - 3000 m<sup>3</sup> i Nord- og Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal regionen har og mykje av dei same svake punkta som gruppene på 3000-5000 m<sup>3</sup> har. Grunnen til dette er at eit av anlegga i utvalet har sers negativ lønsevne og negativ eigenkapital, som fører til at gjennomsnittet blir drege mykje nedover. Elles har anlegga med storleik 0 - 3000 m<sup>3</sup> i alle regionane stor eigenkapitalprosent som truleg kjem av at anlegga har starta opp i det små utan å ta opp for store lån, og er meir arbeidsintensive enn anlegga i storleikgruppa over. Det siste tyder iallefall dei minste anlegga i den nordlegaste regionen på. Dette fordi dei har omtrent like mange utførte årsverk som gruppa over.

Anlegga i Finnmark, Troms og Nordland har noko større endring i forrådet enn dei andre regionane. Dette kan komme av at anlegga er under utbygging, for dei nordlegaste anlegga har tidlegare hatt problem med å skaffe nok settefisk. Det var og relativt mange anlegg i denne regionen som fekk konsesjon i 1980, og dermed relativt mange anlegg som er under oppbygging.

Gruppene på 3000 - 5000 m<sup>3</sup> i alle regionane har gjennomsnittleg svært låge kalkulatoriske renter på eigenkapitalen i forhold til produksjonsinntekta. Dette har samanheng med den låge eigenkapitalprosenten, som fører til høg gjeldsgrad. Noko vi og kan sjå att i dei prosentvis høge gjeldsrentene i forhold til produksjonsinntekta. Grunnen til dette kan vere at anlegga i gruppa har teke opp store lån for å finansiere drift og investeringar. Det viser seg og at mange av anlegga i desse gruppene har til dels mykje

kortsiktig gjeld og strir med store rentekostnader. Mestdelen av gjelda er i mange av anlegga faktisk kortsiktig. Dette kan tyde på at investeringar i anlegg o.l. har vorte finansiert over kassakreditten eller med anna kortsiktig gjeld som er ei dyrare finansieringsform enn langsiktige lån. I gruppa på 3000-5000 m<sup>3</sup> i den nordlegaste regionen viser denne tendensen seg best, og denne gruppa er det ôg som har dei lågaste kalkulatoriske rentene på eigenkapitalen, største gjeldsrentene osv.

Gruppa med storleik 0 - 3000 m<sup>3</sup> i den nordlegaste regionen har stor lønsevne i forhold til gruppene med same storleik i dei andre regionane. Dette kjem av at denne gruppa har større oppdrettsvolum pluss større produksjon pr. kubikkmeter, som fører til større produksjonsinntekt og høgt dekningsbidrag. Likeeins har gruppa lågare gjennomsnittleg alder på anlegga som fører til at anlegga truleg er betre, og ein får mindre vedlikehaldsutgifter på dei.

Dei faste driftskostnadene vert difor og lågare, men avskrivningane vert høgare. At anleggsinvesteringane pr. årsverk er såpass høge kjem ikkje av at dei er spesielt kapitalintensive, men meir av at dei er nyare.

Gruppene på 3000-5000 m<sup>3</sup> i alle regionare har relativt dårleg lønsevne i forhold til produksjonsinntekta. Dette kjem av dei høge gjeldsrentene pluss noko store variable kostnader. Dei store variable kostnader i forhold til produksjonsinntekta kjem truleg av at desse gruppene gjennomsnittleg har større svinn enn dei minste gruppene.

### 3. DEFINISJONAR.

Ein skal i dette kapittelet gjere greie for dei definisjonar og utrekningsmåtar som er brukte for enkelte postar i løns- emdundersøkinga for fiskeoppdrett. Nummera til dei enkelte postane i resultattabellane 1 og 2 som går inn i dette notatet er oppførte framfor dei enkelte postane.

2. Endring i forråd:

Endringane i forrådet er differansen mellom forrådet av levande fisk pr. 31.12.82 og forrådet av levande fisk pr. 31.12.83, vurdert til 70% av salgspris, som er ei tilnærming til kostpris, dvs. innkjøpspris for settefisk/smolt pluss førkostnadet etc.

3. Produksjonsinntekta:

Summen av sal og endring i forråd.

4. Variable kostnader:

Omfattar forkostnader, kjøp av settefisk og utgifter i samband med salet.

5. Faste driftskostnader:

Omfattar vedlikehald, elektrisitet, husleige, kontorutg. etc.

6. Gjeldsrenter:

Gjeld direkte knytt til matfiskanlegg og drifta av det.

7. Avskrivning:

Utgangspunktet er avskrivningar basert på gjenanskaffelseskost, men det må korrigerast for finansieringsverknaden av gjeldsandelen. Eit anlegg vert aldri berre finansiert med eigenkapital. Føremålet med avskrivninga må i denne omgang vere å få att den investerte eigenkapitalen. Vi har difor valt følgjande prinsipp: Eigenkapitalandelen av anleggsmidla vert avskreven lineært basert på gjenanskaffelseskost. Gjeldsandelen (framandkapitalen) vert avskreven lineært på historisk kostpris (byggesum/kjøpesum justert med seinare påkostingar). Dette er i prinsippet det same avskrivingsprinsipp som frå og med 1982-undersøkinga vert brukt i Budsjettnemnda sine to lønsemdundersøkingar for heilårsdrivne fiskefartøy. I Budsjettnemnda vert det brukt bokførde av-

skrivningar i fartøyrekneskapen som eit uttrykk for historisk kostpris då denne ikkje er kjend. For oppdrettsanlegga, som gjennomgåande er yngre enn fiskebåtane har ein direkte brukt den historiske kostpris i utrekningane.

8. Kalkulatoriske renter på eigenkapitalen:

Ei utgreiing utført på oppdrag frå Budsjettnemnda viste at ved bruk av gjenanskaffelsesverdi blir det dobbelt rekning når ein samtidig brukar nominell rente på eit verdipapir som utgangspunkt for utrekninga av kalkulatorisk rente på eigenkapitalen. Det vil vere mest korrekt i samband med gjenanskaffelsesverdi prinsippet å bruke ei real-rente som kjem fram som skilnaden mellom den nominelle renta (som vart brukt tidlegare) og inflasjonsraten for vedkomande år. Denne realrenta utgjer for 1982-undersøkinga 2,0%, og er brukt i denne lønsemdundersøkinga for fiskeoppdrettsanlegg. (Nominell rente på 5% statsobligasjonslån 1961 serie II var 13,2% og inflasjonsraten for 1982 var 11,2%. Som uttrykk for inflasjonsraten, er brukt konsumprisindeksen.)

9. Sum kostnader:

Alle kostnader bortsett frå lønkostnader og arbeidsgiveravgift til folketrygda.

10. Lønsevne:

Gir uttrykk for kor mykje verksemda eigentleg kunne betale til innsatsfaktoren arbeidskraft etter at andre driftsavhengige faste og variable kostnader var dekkja i samsvar med det som vanlegvis vert sett på som rimeleg i driftsøkonomisk forstand. Den er definert som sum produksjonsinntekt minus sum kostnader inklusive utrekna avskivingar, renter på lånekapital og kalkulatoriske renter på eigenkapital, men eksklusiv lønskostnader og arbeidsgiveravgift til folketrygda.

11. Årsverk:

Ein brukar same talet som Budsjettnemnda for jordbruket, der eit årsverk er sett lik 1975 timar.

12. Lønsevne pr. årsverk.

Storleikane lønsevne i alt, antal årsverk og lønsevne pr. årsverk er alle utrekna uavhengige av kvarandre som eit aritmetisk gjennomsnitt av tala for dei enkelte anlegg. Ein kan difor ikkje dividere lønsevne i alt med antal årsverk og få lønsevne pr. årsverk i tabellane 1 og 2.

13. Eigenkapitalprosent:

$$\frac{\text{Eigenkapital} + 50\% \text{ av bundne skattefrie fondsavsetn.}}{\text{Totalkapital.}} \times 100$$
14. Gjennomsnittlege anleggsinvesteringar:

Med anleggsinvesteringar meiner ein her verdien av anleggsmiddela vurdert til gjenanskaffelseskost jamfør pkt. 7, men avskrivnen over levetida.

## Eksempel:

Tek utgangspunkt i eit anleggsmiddel med levetid på 5 år som difor vert avskrive liniært med 20 % i året.

<u>Kjøpt</u>		<u>Gjenanskaffelsespris</u>	
1980 for	70.000	1983:	100.000
+ Liniært avskrivnen i 3 år	<u>42.000</u>	Linære avskr. i 3 år:	<u>+ 60.000</u>
Bokf. verdi	<u>28.000</u>	Anleggsinv.:	<u>40.000</u>

15. Anleggsinvesteringar pr. årsverk.

Denne storleiken, som vist i eksempelet framfor, blir påverka av alderen på anlegget, så ein kan ikkje umiddelbart dra den slutninga at anlegget er kapitalintensivt dersom denne storleiken er høg.

18. Produksjon pr. m<sup>3</sup>:

Produksjon pr. utbygd oppdrettsvolum. Med "utbygd" vert det her meint oppdrettsvolum som faktisk er teke i bruk til produksjon av matfisk (nytta i produksjon).

20. Utnyttingsgrad konsesjon:

Gjennomsnittleg utnytting av utdelt konsesjonsvolum i utvalet.

21. Utnyttingsgrad region:

Den gjennomsnittlege utnyttinga i regionen av utdelt konsesjonsvolum når ein reknar med alle anlegg i drift, og dei som ikkje er med i undersøkinga. Opplysningane er henta frå den årlege statistikken for oppdrett som er ei totalundersøking.

22. Totalrentabilitet I:

Gir uttrykk for avkastinga av totalkapitalen i verksemda.

Definisjon:

$$\frac{\text{Resultat før ekstraordinære poster} + \text{finanskostnader}}{\text{Totalkapital}} \times 100\%$$

Ekstraordinær poster: Inntekter og kostnader som ikkje har direkte tilknytning til produksjonen ved matfiskanlegga. Eksempel på slike poster kan vere vinning eller tap ved sal av driftsmidlar, gåver, erstatningar o.l.:

Finanskostnader: Renter på gjeld.

Vi skulle egentleg ha nytta gjennomsnittleg totalkapital som nemnar, men det vart vurdert som for omfattande å be om balansetal frå føregåande årsskifte. Vi har difor nytta totalkapitalen slik den kjem fram i balansen. I totalrentabilitet I har ein berre teke med faktisk betalte løningar.



23. Totalrentabilitet II:

Som totalrentabilitet I, men her har ein teke med ein kalkulert kostnad for eigeninnsatsen som eigarar og familie har utført utan å ta ut løn.

24. Likviditetsgrad:

Gir uttrykk for kor mykje kortsiktige likvide midlar eit anlegg har i forhold til den kortsiktige gjelda. Her vil det kanskje hevdast at forråd av levande fisk burde vere med, men vi har sett det slik at slakting av fisk i likviditetskriser er ei for kortsiktig løysing. Vi ser difor heilt bort i frå levande fisk i vurderinga av likviditeten.

Definisjon:

Likvidiar + finansinvesteringar + debitorar  
Kortsiktig gjeld.

Finansinvesteringar: Investeringar i aksjar, obligasjonar o.l.

25. Rentedekningsgrad I:

Gir uttrykk for kor mange gonger resultatet dekkar inn rentekostnadene.

Definisjon:

Rentekostnader + resultat før ekstraordinære postar x 100%.  
Rentekostnader.

Her har ein berre teke med faktiske betalte løningar.

26. Rentedekningsgrad II:

Det same som rentedekningsgrad I, men her har ein teke med ein kalkulert kostnad for eigeninnsatsen som eigar m/familie har utført utan å ta ut løn.

27. Dekningsbidrag:

Eit uttrykk for kva som står att til dekking av faste kostnader og fortjeneste når dei variable kostnadane er trekte frå produksjonsinntekta. NB: Berre fôr settefisk og utgifter i samband med salet er rekna som variable kostnader.

28. Dekningsgraden:

Forholdet mellom dekningsbidrag og produksjonsinntekt.

TABELL 1. DRIFTSRESULTAT FOR OPPDRETTSANLEGG. LANDET TOTALT. GJENNOMSNIITT PR. ANLEGG.

Nytta oppdrettsvolum	-3'm <sup>3</sup>	3'-5'm <sup>3</sup>	5'-7'm <sup>3</sup>	7'-15'm <sup>3</sup>	15'm <sup>3</sup> -	Alle anlegg
1. Sal	kr 547 754	1 154 587	1 852 969	3 464 341	6 289 347	1 871 768
2. Endring i forråd	kr 103 271	269 761	477 662	693 334	781 912	377 522
3. SUM PRODUKSJONSINNTÆKTER	kr 651 025	1 424 348	2 330 631	4 157 675	7 071 259	2 249 290
4. Variable kostnader	kr 344 671	776 634	1 191 192	1 794 949	3 666 233	1 106 750
5. Faste driftskostnader	kr 57 455	133 186	237 482	291 083	991 435	213 461
6. Gjeldsrenter	kr 30 374	102 925	139 815	139 032	227 156	105 294
7. Avskrivningar	kr 25 498	59 080	104 675	220 000	554 000	118 629
8. Kalkulatoriske renter på egenkapital	kr 7 985	15 161	27 650	85 454	175 083	38 444
9. SUM KOSTNADER	kr 465 983	1 086 986	1 700 814	2 530 518	5 613 907	1 582 578
10. LØNSEVNE I ALT	kr 185 042	337 362	629 817	1 627 157	1 457 352	666 712
11. Antal årsverk	1,17	2,10	3,20	5,20	11,20	3,19
12. Lønsevne pr. årsverk	kr 129 747	177 321	254 578	330 950	129 195	206 955
13. Eigenkapitalprosent	43,6%	38,1%	46,7%	59,4%	72,9%	47,28%
14. Gj.snittlige anleggsinvest.	kr 167 962	380 832	484 641	1 653 930	3 460 983	768 059
15. Anleggsinvesteringar pr. årsverk	kr 125 662	178 135	215 662	311 205	286 879	203 593
16. Anleggsinvesteringar pr. kg fisk produsert	kr 6,98	8,99	10,89	12,38	13,31	9,73
17. Produksjon pr. årsverk	kg 24 192	25 681	32 130	26 779	20 516	26 448
18. Produksjon pr. m	kg 11,57	14,44	14,48	15,89	7,69	13,59
19. Oppdrettsvolum	m 1 999	3 550	5 534	8 080	29 309	5 886
20. Utnyttingsgrad konsesjon	77,6%	94,7%	109,2%	97,4%	101,3%	94,0%
21. Utnyttingsgrad region	18,0%	19,1%	19,4%	27,9%	6,5%	19,8%
22. Totalrentabilitet I	5,2%	12,8%	16,3%	25,2%	6,5%	13,5%
23. Totalrentabilitet II	1,07	0,52	0,49	0,86	2,10	0,81
24. Likviditetsgrad	6,56	5,06	9,11	11,98	7,09	7,68
25. Rentedekningsgrad I	1,81	3,78	8,36	11,27	7,09	5,78
26. Rentedekningsgrad II	kr 309 930	651 255	1 139 438	2 362 726	3 405 026	1 144 524
27. Dekningsbidrag	30,2	44,8	45,4	54,5	48,2	43,17
28. Dekningsgrad	27	31	20	20	6	104
29. Antal anlegg i utvalet	155	95	73	51	8	382
30. Antal anlegg i massen						

TABELL 2. DRIFTSRESULTAT FOR OPPDRETTSANLEGG. REGIONSVIS FORDELING. ALLE ANLEGG. GJENNOMSNITT PR. ANLEGG.

		FINNMARK, TROMS OG NORDLAND	NORD- OG SØR-TRØNDELAG, MØRE OG ROMSDAL	SOGN OG FJORDANE, HORDALAND	ROGALAND OG SKAGERRAKKYSTEN
Lønsevne pr. årsverk	kr	210 801	174 957	238 749	171 671
Nytta oppdrettsvolum	m <sup>3</sup>	4 118	7 111	6 914	3 520
Antal anlegg i utvalet		20	34	33	17
Antal anlegg totalt		86	142	109	45

TABELL 3. DRIFTSRESULTAT FOR OPPDRETTSANLEGG. REGIONSVIS FORDELING. GJENNOMSNIITT PR. ANLEGG.

	FINNMARK, TROMS OG NORDLAND			NORD OG SØR-TRØNDELAG, MØRE OG ROMSDAL			SOGN OG FJORDANE, HORDALAND			ROGALAND OG SKAGERAKKYSTEN		
	-3'm <sup>3</sup>	3'-5'm <sup>3</sup>	5'-15'm <sup>3</sup>	-3'm <sup>3</sup>	3'-5'm <sup>3</sup>	5'm <sup>3</sup> -	-3'm <sup>3</sup>	3'-5'm <sup>3</sup>	5'm <sup>3</sup> -	-3'm <sup>3</sup>	3'-5'm <sup>3</sup>	5'-15'm <sup>3</sup>
Nytta oppdrettsvolum												
1. Sal	kr 950086	1021546	2735282	468791	873909	2970188	598235	1303633	3702702	263150	1507246	2556484
2. Endring i forråd	kr 176903	430876	702597	103119	166955	468541	108378	369064	875709	44243	87047	113172
3. SUM PRODUKSJONSINTEKTER	kr 1126989	1452422	3437879	571910	1040865	3438729	706613	1672698	4578411	307393	1594293	2669656
4. Variable kostnader	kr 542288	731870	1707897	304347	584250	1520119	358557	888135	2228356	220233	950181	1437361
5. Faste driftskostnader	kr 54557	142569	425486	61436	125325	370620	72386	148198	367450	36350	111516	140620
6. Gjeldsrenter	kr 53267	121344	165783	42983	91707	135846	27471	114806	180025	7509	80440	83019
7. Avskrivninger	kr 53400	69285	161750	24642	60111	209579	24322	52833	271300	7814	55000	118000
8. Kalkulatoriske renter på egenkapitalen	kr 13780	11000	35438	5000	12389	67605	10222	21222	102105	3529	15083	53250
9. SUM KOSTNADER	kr 717292	1076068	2496354	438408	873782	2303769	492958	1225194	3149236	275435	1212220	1832250
10. LØNSEVNE I ALT	kr 409697	376354	941525	133502	167083	1134960	213655	447504	1429175	31958	382073	837406
11. Antal årsverk	kr 2,04	2,24	3,58	1,27	2,14	5,32	1,06	1,93	6,00	0,6	2,19	3,76
12. Lønsevne pr. årsverk	kr 184461	189238	246128	83220	81045	248411	210363	255270	245215	27754	190912	400395
13. Eigenkapitalprosent	55,1 %	31,4 %	44,9 %	13,3 %	38,4 %	58,8 %	65,5 %	40,3 %	51,8 %	62,3 %	42,1 %	63,4 %
14. Gjennomsnittlige anleggsinvesteringar	kr 324600	489857	1136125	211773	348089	1477389	168933	352656	2068480	17277	345017	301400
15. Anleggsinvesteringar pr. årsverk	kr 164033	229076	334468	100574	155833	245326	174915	173608	306707	56433	158946	163889
16. Anleggsinvesteringar pr. kg fisk produsert	kr 10,41	11,36	13,53	8,12	11,09	13,61	7,07	6,31	11,40	3,44	7,10	5,38
17. Produksjon pr. årsverk	kg 16795	22967	26619	17207	17100	22903	31647	31265	30074	25862	33344	51374
18. Produksjon pr. m <sup>3</sup>	kg 14,80	13,43	17,24	9,54	9,83	11,03	12,52	16,30	15,86	9,78	19,72	17,03
19. Oppdrettsvolum	m <sup>3</sup> 2290	3529	5775	1917	3678	10377	1985	3553	11890	1879	3377	6604
20. Utnyttingsgrad konsesjon	67,9%	78,1%	105,9%	68,8%	95,5%	95,5%	79,0%	94,7%	103,7%	90,1%	113,0%	130,7%
21. Utnyttingsgrad region	71,8%	71,8%	71,8%	85,8%	85,8%	85,8%	97,2%	97,2%	97,2%	76,2%	76,2%	76,2%
22. Totalrentabilitet I	26,7%	24,0%	20,6%	11,3%	11,0%	25,6%	28,9%	21,4%	16,3%	1,1%	22,2%	21,9%
23. Totalrentabilitet II	8,4%	18,1%	19,7%	3,6%	6,1%	23,8%	13,7%	16,0%	14,5%	-8,6%	11,9%	11,0%
24. Likviditetsgrad	1,27	0,12	0,50	0,47	0,80	1,23	1,24	0,56	0,99	1,35	0,48	1,11
25. Rentedeckningsgrad I	7,26	4,20	13,91	3,34	4,49	8,59	12,86	4,54	10,20	-4,97	7,59	8,48
26. Rentedeckningsgrad II	2,12	3,31	13,53	2,22	3,00	8,23	6,02	3,48	9,54	-10,16	5,87	6,12
27. Dekningsbidrag	kr 584701	720564	1729982	267563	456614	1918610	358778	796751	2350054	87175	644112	1232294
28. Dekningsgrad	48,3%	47,8%	51,1%	32,4%	40,6%	51,7%	50,1%	48,1%	48,9%	-10,4%	42,4%	40,9%
29. Antal anlegg i utvalet	5	7	8	6	9	19	9	9	15	7	6	4
30. Antal anlegg i massen	43	26	17	42	28	72	45	29	35	25	12	8

TABELL 4. LØNSEVNE PR. ÅRSVERK FOR KVART ENKELT ANLEGG I UTVALET.  
LANDET TOTALT (KRONER).

- 3'm <sup>3</sup>	3'-5'm <sup>3</sup>	5'-7'm <sup>3</sup>	7'-15'm <sup>3</sup>	15'm <sup>3</sup> -
-265523	-141905	-115112	-9271	-38934
-156160	1827	-112051	66561	100329
-66522	3976	7232	88582	168884
-57333	10116	103607	99624	176476
12000	13421	105818	190319	179895
23348	32856	105987	270749	188521
45245	38260	151754	278858	
79290	40553	154088	280290	
87726	42992	165308	315354	
89167	65954	169202	337513	
110190	72460	187997	352412	
110815	83642	205436	352649	
115219	85645	244323	356724	
117469	109506	259979	357871	
140770	150205	261883	369033	
144851	158631	266576	384771	
149566	168786	467306	441106	
163370	170114	557054	457837	
178981	172318	790050	529451	
199516	182067	1115079	630569	
233925	189610			
261801	195005			
282463	227817			
283971	230050			
392168	351885			
409631	409107			
422520	419352			
	424513			
	434998			
	520495			
	642522			

5. V E D L E G G

1. Lønsem skjema fiskeoppal 1982.
2. Fiskeoppal 1982 (delvis brukt i lønsemundersøkinga).

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185-186  
5001 BERGEN  
Tlf (05) 23 03 00

LØNNSOMHETSSKJEMA FISKEOPPDRETT  
1982

Innhentes med hjemmel i Kgl. Res. av 10. januar 1975  
og lov av 10. mai 1981.

Firma (fylles ut av Fiskeridirektoratet)	Registreringsmerke
Fylke/kommune (SSB)	Løpenr.

Det er ikke nødvendig å fylle ut side 1 og 2 hvis resultat- og balanseoppstillingen for 1982 (pr. 31/12) vedlegges.

SAMTLIGE POSTER SKAL OPPGIS UTEN MVA (MOMS) DERSOM DEN ER FRADRAGSBERETTIGET.  
INVESTERINGSAVGIFTEN SKAL IMIDLERTID VÆRE TILLAGT DERSOM VAREN ER PÅLAGT SLIK AVGIFT.  
DRIFTSUTGIFTER 1982

Tørrfôr, medisin, medisinfôr og vitamintilsetninger

1 - til settefiskanlegg	kr
2 - til matfiskanlegg	kr
Ca. lagerbeholdning av tørrfôr pr. 1/1-82: _____ kg	
" " " " pr. 31/12-82: _____ kg	
3 Råfôr	kr
Ca. lagerbeholdning av råfôr pr 1/1-82: _____ kg	
" " " " " 31.12.82: _____ kg	
4 Is, kasser	kr

5 Summen av postene 1-4	Kr
-------------------------	----

Lønn inkl. sos. utgifter og arb.giveravgift,

6 - i settefiskanlegg/klekkeri	kr
7 - i matfiskanlegg	kr
8 Transportutgifter	kr
9 Forsikring av fisk i settefiskanlegg	kr
10 Forsikring av fisk i matfiskanlegg	kr
11 Forsikring av settefiskanlegg/klekkeri	kr
12 Forsikring av matfiskanlegg	kr
13 Vedlikeholdsutgifter settefiskanlegg/klekkeri	kr
14 Vedlikeholdsutgifter matfiskanlegg	kr
15 Elektrisitet	kr
16 Diverse kontorutgifter, tlf. etc.	kr
17 Administrasjonsutgifter, regnskapsføring	kr
18 Renter på kortsiktig gjeld (driftskreditter o.l.)	kr
19 Renter på investeringslån til settefiskanl./klekk.	kr
20 Renter på investeringslån til matfiskanlegg	kr
21 Summen av postene 8-20	kr

Diverse andre utgifter (spesifiser)	
22	kr
23	kr
24	kr
25 TOTALE UTGIFTER 1982	kr



## BALANSE PR 31/12-82

Eiendeler (Aktiva)		Gjeld og egenkapital (Passiva)	
<u>Anleggsinvesteringer</u>		<u>Lån i statens banker (skriv bankens navn)</u>	
26 Settefiskanlegg/klekkeri	kr	41	kr
27 Matfiskanlegg	kr	42	kr
		43 Lån i DUF	kr
<u>Fiskebeholdning</u>		44 Lån i private banker	kr
28 Settefiskanlegg	kr	45 Andre lån	kr
29 Matfiskanlegg	kr	46 Total langs. gjeld (Sum 41-45)	kr
		Fordeling av total langsiktig gjeld (46)	
<u>Beholdning av fór</u>		Settefiskanlegg/klekkeri	kr
30 Settefiskanlegg	kr	Matfiskanlegg	kr
31 Matfiskanlegg	kr	47 Kassakreditt	kr
32 Utestående fordringer (Debitorer)	kr	48 Leverandørgjeld (Kreditorer)	kr
33 Bankinnskudd	kr	49 Skyldig mva. og inv.avgift	kr
34 Kassabeholdning	kr	<u>Annen gjeld (spesifiser)</u>	
Andre eiendeler (spesifiser)		50	kr
35	kr	51	kr
36	kr	52 Betinget skattefrie fond	kr
37	kr	53 Egenkapital (inkl. reservefond etc.)	kr
38	kr		
39	kr		
Totale eiendeler	40 kr	Totalkapital	40 kr

INVESTERINGER I ANLEGGET.

Anleggskomponent	Antall	Kjøpt		Avskrivn. i 1982	Bokf. verdi pr.31/12-82	Ikke skriv her
		År	Oppr. kjøpesum			
Klekkeri	Klekkekasser	54				
	Yngelkar	55				
	Anlegg for vannbehandling	56				
		57				
		58				
Settefisk- anlegg	Driftsbygning	59				
	Betongdammer	60				
	" "	61				
	Plast/glass- fiberkar	62				
	" "	63				
	Flytemærer	64				
	" "	65				
	Fórautomater	66				
	" "	67				
	Pumpe	68				
	69					
	70					
Matfisk- anlegg	Driftsbygning	71				
	Flytemærer	72				
	" "	73				
	" "	74				
	Nøter	75				
	" "	76				
	Fórautomater	77				
	" "	78				
	Fryseri	79				
	Förblander	80				
	Förkvern	81				
	Flytebrygge	82				
	Brygge	83				
	Båt fot	84				
	Motor HK	85				
Kran tonn	86					
Truck tonn	87					
	88					
	89					
	90					
	91					
	92					

- A. Hadde anlegget andre inntekter enn fra salg av fisk i 1982? \_\_\_\_\_  
 Hvis ja, angi hva slags inntekt: \_\_\_\_\_  
 Hvor mye utgjorde denne inntekten? kr \_\_\_\_\_
- B. Hvis De har foredlet fisk i eget anlegg (røking, graving, raking, filetering),  
 Hvor stor var salgssummen for denne fisken? kr \_\_\_\_\_
- C. Forsikringsverdi av investeringene i settefiskanlegg/klekkeri i 1982, kr \_\_\_\_\_  
 Forsikringsverdi av investeringene i matfiskanlegg i 1982, kr \_\_\_\_\_
- D. Arbeidsinnsats ved anlegget (i selve oppdrettsarbeidet)

	Eier + familie				Leid hjelp				Sum timer
	Personer	Uker	Timer pr dag	Sum timer	Personer	Uker	Timer pr dag	Sum timer	E+fam+l.hj.
Fast ansatt									
Sesong hjelp									
Totale timer									

- E. Totale timer fordelt på Settefiskanlegg/klekkeri: \_\_\_\_\_  
 Matfiskanlegg: \_\_\_\_\_
- F. Hvor stort svinn har De hatt gj.snittlig de 3 siste årene? Laks: \_\_\_\_\_ %  
 Ørret: \_\_\_\_\_ %
- G. Hvilken fórfaktor regner De ved bruk av, tørrfór: \_\_\_\_\_  
 våtfór: \_\_\_\_\_
- H. Hva var gjennomsnittlig vekt ved slutten av året,  
 - på laksen som ble satt ut i 1982: \_\_\_\_\_ kg - på ørreten som ble satt ut  
 før 1982: \_\_\_\_\_ kg høsten 1982: \_\_\_\_\_ kg  
 våren 1982: \_\_\_\_\_ kg  
 før 1982: \_\_\_\_\_ kg

Andre opplysninger:

Skjema utfylt av	Adresse	Tlf
For firma. Dato og underskrift		

**Fiskeridirektoratet**

Postboks 185-186  
5001 Bergen  
Tlf. (05) 23 03 00

**FISKEOPPDRETT 1982**

Etter Kgl. res. av 10. januar 1975 og lov av 15. mai 1981 plikter alle å gi oppgave.

Firma (fylles ut av Fiskeridirektoratet)		Registreringsmerke
Fylke/kommune (SSB)		Løpenr.
Virksomhet i anlegget i 1982 og eierforhold	01	Matfiskproduksjon? 1 <input type="checkbox"/> Ja    2 <input type="checkbox"/> Nei
	02	Produksjon av yngel og/eller settefisk til matfiskproduksjon? 1 <input type="checkbox"/> Ja    2 <input type="checkbox"/> Nei
	03	Produksjon av yngel og/eller settefisk til utsetting i vassdrag? 1 <input type="checkbox"/> Ja    2 <input type="checkbox"/> Nei
	04	Eierforhold 1 <input type="checkbox"/> Aksjeselskap    2 <input type="checkbox"/> Andelslag    3 <input type="checkbox"/> Personlig selskap    4 <input type="checkbox"/> Firma med delt ansvar    5 <input type="checkbox"/> Andre
Arbeidsinnsats ved anlegget i 1982		Timeverk
	05	Samlet arbeidsinnsats i 1982
	06	Herav utført av leid hjelp

**KAPASITETSDATA 1982**

Klækkeri		Liter rogn		
	07	Maksimal kapasitet pr. klækkeomgang		
Settefisk-anlegg. Utnyttet kapasitet	08	Miljø 1 <input type="checkbox"/> Ferskvann    2 <input type="checkbox"/> Saltvann    3 <input type="checkbox"/> Både fersk- og saltvann		
			Antall	Total areal m <sup>2</sup>
	09	Jorddammer		Total volum m <sup>3</sup>
	10	Betongdammer		
	11	Flytemærker		
	12	Plast-/glassfiberkar		
	13	Andre typer produksjonseenheter		
	14	Dersom noen av disse produksjonseenheter (linje 09-13) har vært nyttet til matfiskprod. i løpet av året, oppgi areal og volum for disse		
Matfiskanlegg. Utnyttet kapasitet	15	Jorddammer		
	16	Flytemærker	Ferskvann	
	17		Saltvann	
	18	Innhegninger		
	19	Avstengninger		
	20	Andre typer produksjonseenheter	Ferskvann	
	21		Saltvann	

## PRODUKSJON I KLEKKERI OG SETTEFISKANLEGG 1982

Egen stamfisk	22	Hadde anlegget egen stamfisk pr. 31. desember 1982?		
		1 <input type="checkbox"/> Ja	2 <input type="checkbox"/> Nei	
Produksjon i klekkeri	23	Hadde anlegget produksjon i klekkeri i 1982?		
		1 <input type="checkbox"/> Ja	2 <input type="checkbox"/> Nei	
	24	Laks	Innlagt nybefruktet rogn Liter	Nyklekket yngel 1000 stk.
	25	Regnbueørret		
	26	Andre fiskeslag (oppgi hvilke):		
	27			
Tatt ut fra settefisk-anlegg	28	Hadde anlegget uttak fra settefiskanlegg i 1982?		
		1 <input type="checkbox"/> Ja	2 <input type="checkbox"/> Nei	
	29	Laksesmolt klekket før 1981		1000 stk.
	30	Laksesmolt klekket i 1981		
	31	Regnbueørret klekket før 1982		
	32	Regnbueørret klekket i 1982		
	33	Andre fiskeslag (oppgi hvilke):		
34				

## OMSETNING FRA EGET KLEKKERI OG SETTEFISKANLEGG 1982

		Kjøp		Salg	
		Liter	Verdi 1000 kr (ekskl. m.v.a.)	Liter	Verdi 1000 kr (ekskl. m.v.a.)
Rogn	35	Laks			
	36	Regnbueørret			
	37	Andre fiskeslag			
Øyerogn og nyklekket yngel	38	Laks	1000 stk.		1000 stk.
	39	Regnbueørret			
	40	Andre fiskeslag			
Settefisk	41	Lakseunger (ikke smoltifisert)			
	42	Laksesmolt klekket før 1981			
	43	Laksesmolt klekket i 1981			
	44	Regnbueørret klekket før 1982			
	45	Regnbueørret klekket i 1982			
	46	Andre fiskeslag (oppgi hvilke):			
	47				

Merknader:

## SLAKT, SALG M.V. AV MATFISK 1982

		Kg rundvekt			
		Laks	Regnbueørret	Andre	
Slakt, salg og lagerbeholdning av slaktet matfisk (fersk/frossen)	48	Slaktet fisk på lager 1. januar 1982			
	49	Fisk tatt opp til slakt i 1982			
	50	Fisk solgt i 1982 (uforedlet)			
	51	Gått til foredling i eget anlegg			
	52	Diverse (egen husholdning, svinn)			
	53	Slaktet fisk på lager 31. desember 1982 (uforedlet)			
Mengde og verdi av matfisk			Fersk eller frossen fisk solgt i 1982 (uforedlet)	Til foredling i eget anlegg	
			Mengde i kg rundvekt	Verdi i 1000 kr (ekskl. m.v.a.)	Kg rundvekt
	57	Laks i alt			
	61	Regnbueørret i alt			
	62	Andre fiskeslag (oppgi hvilke):			
	63				
64					
Fersk eller frossen matfisk solgt i 1982, fordelt etter kjøpergruppe			Kg rundvekt		
			Laks	Regnbueørret	Andre
	65	Direkte eksport			
	66	Salgsorganisasjoner, grossister			
	67	Detaljister			
	68	Hoteller, restauranter			
	69	Direkte til forbruker			
	70	Til andre			
71	I alt				

## BEHOLDNINGER

Settefiskanlegg. Beholdning pr. 31. desember 1982	72	Laks	Klekke før 1982	1000 stk.
	73		Klekke i 1982	
	74	Regnbueørret		
	75	Andre fiskeslag (oppgi hvilke):		
	76			
	77			

			Antall fisk. Stk.			
			Beholdning 1.1. 1982	Tilgang 1982 (utsatt) +	Fragang 1982 (slakt/svinn) -	Beholdning 31.12. 1982 =
Matfiskanlegg	78	Laks	Utsatt før 1982	—		
	79		Utsatt i 1982	—		
	80	Regnbueørret	Utsatt før 1982	—		
	81		Utsatt våren 1982	—		
	82		Utsatt høsten 1982	—		
	83	Andre fiskeslag utsatt før 1982:		—		
	84			—		
	85			—		
	86	Andre fiskeslag utsatt i 1982:		—		
	87			—		
	88			—		

Merknader:

Eiers/oppdretters navn:	Adresse:	Telefon:
Skjema utfylt av:	Adresse:	Telefon:

For firma. Dato og underskrift:	For Fiskeridirektoratet. Dato og underskrift:
---------------------------------	---